



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Kommuneleinga

Sakshandsamar

Reidun K. Halland

Tlf. 57 78 20 01

Vår referanse

23/722 – 23/8782

Dykkar referanse

Dato

04.07.2023

Melding om vedtak frå Gulen kommune. Gulen og Masfjorden Utvikling AS. Tilbod om kjøp av aksjar

Viser til skriv med tilbod om kjøp av aksjar. Gulen kommune handsama saka i møte 22.06.23.
Vedlagt følgjer saksdokument som syner fullstendig behandling av saka.

Med helsing

Reidun K. Halland
Kommunedirektør

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Selskapet for industri og vekst (SIVA)			
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN





Gulen og Masfjorden Utvikling AS. Tilbod om kjøp av aksjar

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
043/23	Kommunestyret	22.06.2023

Behandling i Kommunestyret 22.06.2023

Handsaming og røysting

Røysting

Famlegg frå kommunedirektøren: Samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret KOM sak 043/23

Kommunedirektør Reidun K. Halland vert Gulen kommune sin representant i forhandlingane med Vestland fylkeskommune og Siva om eventuelt kjøp av aksjar i GMU AS. Forhandlingsresultatet skal leggast fram for kommunestyret for endeleg tilslutning.

Vedlegg	Dok.ID
Tilbod om å kjøpe Siva sine aksjar i Gulen og Masfjorden Utvikling AS	294546
Tilbod om å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar i Gulen og Masfjorden utvikling AS	291427

Bakgrunn for saka:

Vestland fylkeskommune har i skriv av 04.05 gjeve kommunane Gulen og Masfjorden tilbod om å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar i Gulen og Masfjorden Utvikling AS.

Siva SF (Selskapet for industrivekst) har i skriv av 31.05.23 gjeve kommunane Gulen og Masfjorden tilbod om å kjøpe Siva sine aksjar i Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Vestland fylkeskommune har, saman med SIVA, tidlegare kommunisert at dei ønskjer å tilby sal av aksjane til andre eigarkommunar til marknadspris, der

marknadspris tek utgangspunkt i ei verdivurdering av selskapet. Dei har også kommunisert at dei er opne for ei løysing der ein set ned selskapet sin aksjekapital og overkursfond, og tilbakebetalar kapital tilsvarande deira respektive verdiar.

Fylkeskommunen og SIVA sitt initiativ var tema i to eigarmøte i selskapet i 2022, den 30.06.22 og den 30.11.22, men utan at eigarane klarte å kome fram til ei felles forståing av kva som var rett verdivurdering av selskapet og kven som hadde skote inn kva ved skipinga.

Eigardelane i selskapet er slik fordelt:

Eigar	Eigardel
Fylkeskommune	32,12%
SIVA	24,79%
Masfjorden kommune	21,54%
Gulen kommune	21,54%

Saksvurdering og konklusjon:

Sjå vedlegg i saka for meir informasjon knytt til fylkeskommunen og SIVA sine vurderingar rundt verdisetting av deira aksjeandel.

Kommunedirektør har i skriv av 22.05.23 gjeve fylgjande førebelse svar til fylkeskommunen:

Viser til tilbod av 04.05.23 vedk. kjøp av Fylkeskommunen sine aksjar i GMU AS. Gulen kommune er kjend med at SIVA ynskjer ei tilsvarande løysing for uttrede, men me har p.t ikkje motteke noko tilbod derifrå. Gulen kommune vil i kommunestyresak i møte 22.06.23 ta stilling til kven som skal forhandle på vegne av kommunen og fastsette evt. mandat for forhandlingane. Me ser vanskeleg for oss at ei forhandling kan starte før i siste del av august

Både ordførar i Gulen kommune og Masfjorden kommune sit i styret i GMU AS. Det har vore diskutert at det difor ikkje er naturleg at dei går inn i forhandlingar på vegne av sine kommunar.

Forslaget som er komme opp er difor at rådmann/kommunedirektør går inn i forhandlingane med fylkeskommunen og Siva.

Masfjorden kommune har lagt til grunn same prinsipp i framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektør Reidun K. Halland vert Gulen kommune sin representant i forhandlingane med Vestland fylkeskommune og Siva om eventuelt kjøp av aksjer i GMU AS. Forhandlingsresultatet skal leggest fram for kommunestyret for endeleg tilslutning.